



Haugen Vva AS  
Kanalveien 5  
5068 BERGEN

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 18/2017 - 18/25926

Saksbehandlar:  
Arne Helgesen  
HELA@lindas.kommune.no

Dato:  
24.08.2018

## Vedkomande søknad om godkjenning av tekniske planer for veg og va - gbnr 195/4 m fl Leiknes. Fløssvika

Har følgjande kommentar til del for vatn og avløp.

- Pkt. 1. Tiltak omfatter. Her er vi einig om at V 2 ikkje heves, men at ventil T. rør må snues, og nytt avstikk går ut høgare oppe i kum, som vist på revidert detaljteikning, motatt 21.08-18
- På eksisterande vannledning er det ut frå tidlegare planer, montert eit antall anboringar med stikkleidning, bakkekran, teleskop osv. Anboringer/ stikkleidningar osv må fjernast, Vil ha ein beskrivelse på utføring av dette.
- V. 10 overføres til kommunal eige og drift. Overdekning i dette området er litt over det som er godkjent som normal overdekning. 1,20- 2,50m. Det vil ikkje bli godkjent dersom overdekning overstiger det som no ligg i tekninsk plan.
- Ny innkjørsel til Fløssvika. I dette området ligg eksisterande va anlegg. I området ved innkjørsel og eit stykke ned i feltet må det masseutskiftast over eksisterande leidnigar, dette anlegget ligg i dag utanfor vegområdet, men vil etter etablering av ny innkjørsel / fortau, bli liggjande i veg. Ønskjer plan, profil og beskrivelse over dette området, for å sjå kva oppbygging/overdekning det blir etter etablering av ny innkjørsel/veg.
- Legg ved uttale frå brannforebyggjande, deira vurdering er at det må etablerast to stk brannhydranter i dette planområdet. Haugen VVA er kjent med type/ utforming i Lindås kommune. Plassering osv. avtales nermare med NGIB.





NGIB Førebyggjande  
avdeling  
Dokumententeret,  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ  
Besøksadresse:  
Stolen 7,  
5911 Alversund

	Telefon	e-post
Ole Johan Ingebrigtsen	56 37 56 90	liolin@lindas.kommune.no
Frode Langeland	56 37 56 91	lifrla@lindas.kommune.no
Gjert Holtan	40 80 35 88	hogi@lindas.kommune.no
Gunn-Torhild Ramslien	454 40 323	ligura@lindas.kommune.no
Ann-Therese Strønen	56 37 56 94	Ann-Therese.Stronen@lindas.kommune.no

### Uttale angående slukkevannskapasitet på Fløsvika byggefelt, ID20100900.

I omsøkte området er det teikna enheter med fleire leiligheter. Det er då særstakt viktig med god tilgang på slukkevann for å hindra spredning. Det nye bustadområdet skal knytta saman med det eksisterande bustadområdet. Det er då viktig at plasseringa vert gjort på ein sånn måte at brannvannsdekninga vert betre i heile området.

Det er i dag vist to kummer i det området som er søkt regulert. Det er ein stor fordel om det vert montert brannhydrant istadenfor kum. Dette grunna sikkerhet ved tilkopling og ein raskare etablering av vassforsyning. Brannvesenet har ein utrykningstid på ca 20 min til Fløsvika. Derfor er det nyttig at å etablira rask vannforsyning.

NGIB meiner at i det omsøkte området bør det plasserast to hydranter. Plasseringa må vera sånn at den dei dekkar mest mogleg av området og er tilgjengeleg året rundt. NGIB kan vera behjelpeleg med å gi råd om plassering.

  
Ole Johan Ingebrigtsen, avdelingsleiar  
Avdelingsleiar

Kommentarer frå vegavdeling.

#### 2.2 Kommunal overtaking av veganlegg

For veganlegg som kommunen skal overta for drift og vedlikehald, må følgjande krav vere oppfylt:

- Det er treft positivt vedtak i kommunen – og/eller at partane på førehånd har komme til semje om ein kommunalteknisk avtale eller utbyggingsavtale. Veganlegg som vert overteke for kommunalt

- vedlikehald skal byggjast i samsvar med gjeldande reguleringsplan, retningslinjene i norma og godkjende tekniske planar – jfr 2.1.
- b) Veganlegget skal førast over til kommunen vederlagsfritt.
  - c) Det skal finnast ferdigattest for veganlegget.
  - d) Veganlegget skal overleverast som eit heilt nytt anlegg inkl. nødvendige skilt og fartsdemparar.
  - e) Det skal haldast overtakingsforretning og oppmålingsforretning som normalt vert rekvirert av den som byggjer ut. Det skal førast protokoll frå overtakings- og oppmålingsforretninga.
  - f) Nye veganlegg skal overtakast i perioden 1. april – 1.september.
  - g) Vegdata (koordinatbestemt senterlinje, vegkant, skilt, sluk og veglys) skal leverast til kommunen på det formatet som vert kravd frå oppmåling si geodataavdeling i god tid før overtakingsforretning. Den som byggjer ut skal dekkje alle kostnader ved innmåling. Øvrig teknisk infrastruktur som er innlemma i eller høyrer til veganlegget skal målest inn på det formatet som vert kravd frå oppmåling si geodata avdeling. Krav til innmåling satt i kommunal VA-norm, gjerast gjeldande.
  - h) Veganlegg skal med mindre det er gjeve dispensasjon frå Plan- og bygningslova, vere frådelt i samsvar med reguleringsplan. Veggrunn skal gjevast eigne gards- og bruksnummer. Ved frådeling av uregulert veggrunn, skal tomtegrensa vere minimum 1 m frå vegkant.
  - i) Veganlegg overtakast etter ferdigstilling. Store veganlegg kan overtakast parsellvis eller trinnvis, Jfr pkt 2.2 j. om garanti.
  - j) For overtaking skal det stillast sikkerheit / bankgaranti tilsvarende NS 8405, pkt 9.2, 3. avsnitt. Dvs når kontraktsarbeidet er overteke, vert denne sikkerheita redusert til 3% av kontraktssummen for forhold som vert påkalla i løpet av dei påfølgjande 3 år, med mindre anna er avtalt. Sikkerheita fell deretter bort, med mindre den som byggjer ut har gjort ansvar gjeldande mot entreprenøren som kan krevjast dekt av sikkerheita. Det er utbyggjar som er ansvarleg for å stille sikkerheita. Eventuelt at garantien til entreprenøren ovanfor den som byggjer ut vert overført til kommunen.
  - k) Drift og vedlikehald av anlegga kviler på den som byggjer ut inntil anlegga formelt er overteke av kommunen (vegeigar). Når anlegget har vore i drift i ca 1 år, vert det kalla inn til 1 års synfaring. Det vert halde ny synfaring etter 3 år for kontroll av tilstanden på asfalt dekka. Vegeigar innkallar til synfaringane.

#### **4.1 Overbygging**

På adkomstvegar og samlevegar skal øvre bærelag fungera som anleggsdekke og mellombels dekke. Slitelaget skal leggjast etter at mesteparten av bustadbygging og opparbeiding av tomter er ferdig, men innanfor ei tidsramme på min. 1 år, og maks. 2 år etter det øvre berelaget vert lagt. I tilfelle der ferdigstilling av utbygging tek lang tid, kan tidsramma for overtaking av veganlegget utvidast. Det kan alternativt (i overtakingsforretninga) protokolførast opprusting av veganlegget ved avslutta utbygging.

Mvh

**Ketil Mikkelsen | Ingeniør - Veg**

E-post: [ketil.mikkelsen@lindas.kommune.no](mailto:ketil.mikkelsen@lindas.kommune.no) | Telefon: +47 56 37 51 68 / +47 997 34 763

Kundesenter: +47 56 37 50 00 | Heimeside: [www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no)



LINDÅS KOMMUNE

Med helsing

Arne Helgesen  
avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

Kopi til:

Arne Eikefet  
Fløssvika Utvikling AS  
Siril Therese Sylta

Alvervegen 25 5911

5911

ALVERSUND

## Mottakarar:

Haugen Vva AS

Kanalveien 5

5068

BERGEN